

Referat frå FAU

Tid og stad:

Bokn Arena, 20.09.22

Til stades:

Anne Faye (9. + 10. klasse), Anette Våga (8. klasse), Bjørnar Bryningsland (7. klasse), Cecilie Odland (1. klasse), Edith Sæbø (5. klasse), Ingrid Våge (3. klasse), Solveig Marie Sjøen (4. klasse), Susanne Øvrebø (2. klasse), Zuzanna Ufnal (9. + 10. klasse), Anne Lisabeth Jøsang (konst. rektor, møteleder)

Sak 1: FAU-mandat og årshjul

- Konst. rektor informerer om FAUs mandat, vedtekter og årshjul. Ved ein feil vart det lagt ved ein gammal versjon av vedtektene i innkallinga. Nyaste versjon av vedtekter for FAU vert lagt ved i referatet, saman med årshjul for FAU.
- Det kjem fram at juleavslutninga er avlyst i år. Dette grunna mangelfulle ressursar blant personalet, samt at skulen i desember vil vere i en omfattande flytteprosess. FAU er bekymra over at juleavslutninga er avlyst. Dette er eit viktig arrangement for elevane, foreldra og dei tilsette ved skulen, og det bidrar til å fremma fellesinteresser, er kontaktskapande og bidrar til samhald. FAU er innforstått med at arrangementet ikkje lar seg gjennomføra i år grunna flytting, men er tydelege på at det er viktig at slike arrangement ikkje kjem vekk. Å søkje økonomiske midlar og større dugnadsinnsats vert foreslått som tiltak for å sikre gjennomføring av arrangementet neste år.

Sak 2: Val

- FAU konstituerer seg ved at følgjande styre vert velt:
Leiar: Kim Erik Larsen
Nestleiar:
Kasserar: Solveig Marie Sjøen
Sekretær: Susanne Øvrebø
SU-medlem: Edith Sæbø
- Utgåande leiar oppdaterer Brønnøysundregisteret saman med nyvald leiar. Det skal registrerast at styreleiar og eit styremedlem saman har signaturrett.
- Edith Sæbø syter for at medlemmene i FAU si Facebook-gruppe vert oppdatert. Her skal berre foreldrekontaktar vera medlem.
- Utgåande kasserar og nyvald kasserar gjer nødvendige endringar i tilgangen til FAUs bankforhold.

*Nestleiar blir valt på neste FAU

Sak 3: Rektor informerer

- Status skule:
Bygningsmessige arbeid skal vere ferdig innan midten av oktober. Elektroarbeid skal vere ferdig og testa innan start av november. Innflytting av inventar startar 15. november. Innflytting av elevar skjer ved skulestart etter juleferien 2. januar.
- Fokusområde:
Oppfølginga hos Læringsmiljøsenderet (LMS) held fram. Me er no inne i tredje og siste året av oppfølgingsordninga. Fokusområder for lesing er leseplan (her får skulen hjelp av Høgskulen på Vestlandet), lesestrategi og motivasjon/leselyst. Fokusområder for læringsmiljø er rutine og årshjul, foreldresamarbeid, lokalsamfunn og sårbare elevar.

Sak 4: Samarbeid skule – FAU

- Det vert felles foreldremøte for heile skulen 27. september kl. 18. Foreldreutval for grunnskulen (FUG) deltar på møtet, kor tema er *Samarbeid for et godt skulemiljø*. Konst. rektor opnar møtet. FAU står for bevertning; Anette Våga tar ansvar for innkjøp av frukt/kaffi. FAU sørger for at nokon er ansvarleg for bevertning under møtet.
- Leiar av FAU kallar inn til neste FAU-møte (november).

Sak 5: Anna

- Uteområdet rundt skulen skal ferdigstillast i løpet av haustferien. Det vert opning av uteområdet etter haustferien – konst. rektor kjem tilbake med dato for opning. FAU har pølser att etter sommarfesten og ønskjer å gje desse til elevar og tilsette under opning av uteområdet. Då opninga vil finne stad i skuletida er det vanskeleg for FAU-medlemmer å delta. Det er derfor ønskeleg at elevrådet hjelper til med å varme pølser. Konst. rektor høyrer med elevrådet. Foreldrekontaktane høyrer med sine respektive klassar om det er nokon foreldre som kan delta på og vere behjelpelege under opninga.
- FAU ønskjer omvising på den nye skulen.
- Vikarsituasjonen ved skulen vert drøfta. Konst. rektor fortel at det i inneverande skuleår er to lærare i vikariat og ein spesialpedagog tilsett i vikariat. I tillegg vert det nytta ein ufaglært ringevikar og ein fagarbeidar som ringevikar. FAU etterlyser informasjon om dette til foreldra.
- FAU vert oppmoda til å arrangera felles samankomstar som kan knyta elevar og foreldre saman på tvers av årstrinn. Det vert drøfta ulike problemstillingar rundt dette, blant anna vanskar med å finne ein felles arena og å skapa engasjement, samt moglegheiter og ulike alternativ til tema. Samarbeid med andre lag og organisasjonar vert også drøfta som eit alternativ.
- Trafikksikkerheit vert drøfta. Under byggjeprosessen har trygg skuleveg vore ein utfordring, spesielt i området vest for barnehagen, i rundkøyringa og vegen frå

rundkøyringa til mellombels ungdomsskule (brakkene). Det vert etterlyst trafikksikringstiltak som gangfelt, trafikkvakter og alternative ruter for fotgjengarar. FAU oppretta ei trafikksikringsgruppe førre skuleår som hadde eit møte med ordføraren. Der vart fleire bekymringar og forslag til tiltak drøfta. Trafikkbiletet ved skulen er likevel så uoversiktleg at det ikkje kan kallas trygg skuleveg. Det vert drøfta ulike tiltak for å betre sikkerheita, mellom anna refleksbruk og utdeling av refleks. Konst. rektor kontaktar skulens politikontakt angående trafikksikkerheita.

- Oversikt over foreldrekontaktar:
 1. klasse: Kim Erik Larsen, Cecilie Odland (vara)
 2. klasse: Susanne Øvrebø, Ingrid Våge (felles vara 2. + 3. klasse)
 3. klasse: Heidi Hausken
 4. klasse: Solveig Marie Sjøen, Heidi Hausken (felles vara 4. + 5. klasse)
 5. klasse: Edith Sæbø
 6. klasse: Ann Kristin Grønnestad
 7. klasse: Bjørnar Bryningsland
 8. klasse: Anette Våga, Kaj Arne Christiansen
 9. + 10. klasse: Anne Faye og Zuzanna Ufnal, Tor Harald Alvestad (vara)

Bokn, 20.09.22

Susanne Øvrebø
Referent

(*notat: Erik Alvestad er ikkje klassekontakt og går ut av FAU.)

Vedlegg:
Vedtekter FAU
Årshjul FAU